

Frå: Ostereidet Bygdelaag

Til: Alver kommune

Søknad om tilskot til frakt av bru til Stegafossen på stien til Austlendingen

Bakgrunn for søknaden:

Ostereidet bygdelaaget har teke på seg ansvar med å etablere bru like ovanfor Stegafossen, der hovudstien opp frå E39 krysser elva før stien går vidare mot fjelltoppen på Austlendingen. Dette er eit vassdrag som fort får endringar i vassføringa, sidan det er mykje glatte fjellparti i nedslagsfeltet og svært bratt ned mot vassdraget på alle sider. Mange fotgjeagarar kan difor verta overraska av høg vassføring når dei skal kryssa elva på denne staden i dag. Ei bru på denne staden vil difor medføra auka tryggleik for friluftslivet og hindra usikre situasjonar knytt til kryssinga av elva.

Sjølve arbeidet med å byggje brua skal skje på dugnad nede ved Andåsbruke, t og deretter må brua med eit spenn på ca 7 meter og vekt rundt 1 tonn, fraktast med helikopter og leggjast direkte på brufundamenta. Desse fundamenta er alt murt ferdige på begge sider av fossen. I tillegg har ein fått rydda vegetasjonen rundt Brustaden, slik at eit helikopter og arbeidslag lettare kan få armslag når brua skal seinkast ned på fundamenta.

Målet er å få brua på plass i løpet av hausten 2021.

I 2019 vart det inngått avtale mellom grunneigar og Ostereidet Bygdelaag, om rett til å etablere og vedlikehalda bru på denne staden. Avtalen er lagt ved denne søknaden.

Helikoptertransport:

Bygdelaaget har hatt dialog med føretaket Airlift AS. Kontaktperson i dette føretaket er marknadsansvarleg Magne Kongsvik. Prisen på transport er avhengig av at det er andre oppdrag i nærleiken, og då vert det stipulert til ein stad rundt krone 6.000,- for frakten eks mva.

På bakgrunn av denne stipulerte kostnaden søker Ostereidet Bygdelaag til Alver kommune om eit tilskot på inntil krone 7.500 (inkl mva) for å få transportert brua opp til Stegafossen.

Ostereidet, 20.09.2021



Ola R. Jordal

Leiar i Ostereidet Bygdelaag